



Møre og Romsdal
fylkeskommune


NY ÅLESUNDSSTRUKTUR

2013 - 2025

Tilbake til byen?



BY



Innhald

1	<u>OPPSUMMERING</u>	4
1.1	ALTERNATIVE UTBYGGINGAR.....	4
1.2	KOSTNADAR	5
1.3	KONSEKVENSAAR.....	5
2	<u>GENERELL PROSJEKTINFORMASJON</u>	7
2.1	MANDAT.....	7
2.2	GJENNOMFØRING.....	7
2.3	ORGANISERING AV PROSJEKTET	8
3	<u>FØRESETNADER</u>	9
3.1	ELEV TAL.....	9
3.2	DIMENSJONERING.....	11
3.3	BYGNINGANE	11
3.4	SAMARBEID ÅLESUND KOMMUNE	12
3.5	KLIMAMÅL	13
3.6	ANDRE FØRESETNADER	13
3.7	POLITISK VEDTEKNE FØRESETNADER.....	14
4	<u>HØYRING</u>	16
4.1	HØYRING 1-STRUKTUR	16
4.2	OPPSUMMERING HØYRING 1	18
4.3	HØYRING 2 – UTBYGGING SKULANE	19
5	<u>SKULESTRUKTUR</u>	20
5.1	VAL I SKULESTRUKTUREN	20
5.2	FLYTSKJEMA FOR VAL I SKULESTRUKTUREN	21
5.3	ALTERNATIVE DIMENSJONERANDE TILBODSSTRUKTURAR.....	22
5.4	ELEV KAPASITET.....	23
5.5	FRAMDRIFT.....	23
5.6	KOSTNADAR	24
6	<u>VURDERINGAR</u>	26



Ålesundsstruktur 2013 – 2025

6.1	BORGUND VGS	26
6.2	SPJELKAVIK VGS	27
6.3	ÅLESUND VGS	27
6.4	FAGERLIA VGS	31
6.5	ØKONOMISKE VURDERINGAR	32
7	UTVIKLINGSPLANAR	33
7.1	INNLEIING.....	33
7.2	VOLSDALSBERGA	34
7.3	ÅLESUND VGS PÅ SØRSIDA	37
7.4	FAGERLIA VGS PÅ SØRSIDA.....	39
7.5	FAGERLIA VGS	41
7.6	SPJELKAVIK VGS.....	45
7.7	BORGUND VGS	47
8	VEDLEGG	50

1 OPPSUMMERING

Samla utviklingsplanar for ny Ålesundsstruktur har vore gjennomført i nært samarbeid med Ålesund kommune. Både omsyn til pedagogikk, bygningar, tomter og økonomi er tatt med i plana. Ein har også lagt ekstra vekt på omsyn til byutvikling, samferdsel og miljø i arbeidet med å utarbeide alternative utbyggingsalternativ. Lokaliseringa av dei fire skulane stend mellom eksisterande tomter og sørsida av sentrum.

1.1 Alternative utbyggingar

Det er ikkje ynskja av skulane å gjere store endringar innanfor gjeldande tilbodsstruktur. Når Borgund vgs vart bygs ut som ein stor yrkesskule vart mykje av Ålesundsstrukturen låst. Prosjektet har difor konsentrert seg om følgjande attståande utfordringar i høve til politisk sak om føresetnader;

1. Lokalisering av idrettsfag
2. Lokalisering av maritim og marin opplæring
3. Forsterking av knutepunktstrategi for kollektivtrafikk i Ålesund.
4. Utvikling av Ålesund sentrum
5. Lokalisering av samarbeidstilbodet Kulturskole/Musikk,dans og drama.
6. Kunne ta ut Sørfløybygget på Volsdalsberga raskast mogleg.
7. Få låge investeringskostnadar og driftskostnadar.

Som eit konsentrat av desse punkta må desse fire spørsmåla finne si politiske avklåring;

1. Lokalisering av Ålesund vgs.
2. Framleis bruk av Latinskolen.
3. Lokalisering av idrettsfag.
4. Lokalisering av Fagerlia vgs.

Alt	Volsdalsberga	Fagerlia	Spjelkavik	Borgund	Sørsida
1	Selt	+ TP/ NA	+ID	Likt i alle	ÅVGS + MDD/ Kulturskule
2	Selt	+ TP/ NA/ ID			ÅVGS + MDD/ Kulturskule
3	Ålesund vgs Inklusiv TP/ NA/ ID	Inklusiv MDD/ Kulturskule			Ikkje bygging
4	Inklusiv TP/ NA	Inklusiv MDD/ Kulturskule	+ID		Ikkje bygging
5	Inklusiv TP/ NA	Inklusiv MDD/ Kulturskule/ ID			Ikkje bygging
6	Inklusiv TP/ NA/ ID	Selt			FVGS + MDD/ Kulturskule
7	Inklusiv TP/ NA	Selt	+ID		FVGS + MDD/ Kulturskule

Tabell 1.1 Alternativa sine hovudgrep på dei fem lokalitetane.

1.2 Kostnader

Dei ulike alternativa påverkar framdriftsplanane for utbygging på dei ulike skulane og gjev ulik investeringsbehov og elevkapasitet i 2025. I alternativa er det også ulik mengd bygg som vert selt eller rive og ulik mengd bygg som vert bygd nytt. Dette påverkar driftskostnadane da ein reknar eldre bygg som dyrare å drifte enn nye bygg.

Alt	Elevkapasitet 2025	Investeringskostnad	Forventa endring driftskostnad kr/m ² /år
1	3744	993 242 500,-	14 885 650,-
2	3594	966 905 000,-	15 301 900,-
3	3594	981 530 000,-	18 949 550,-
4	3744	1 031 017 500,-	18 938 300,-
5	3594	1 004 680 000,-	19 354 550,-
6	3594	975 540 000,-	8 828 050,-
7	3744	1 028 027 500,-	8 816 800,-

Tabell 1.2 Elevkapasitet, investeringskostnad og driftskostnad ved dei ulike alternativa.

1.3 Konsekvensar

Alternativa gjev ulike konsekvensar i høve til dei føresetnadane vedteken politisk og dei ynskja som kjem i høyringsfråsegna.

1.3.1 Alternativ 1

Seljer seg ut av Volsdalsberga og samlokaliserer Ålesund vgs i sentrum. Idrettsfag vert lokalisert til Spjelkavik vgs.

Stettar byutvikling og knutepunktsideén til Ålesund kommune. Samlokaliserar marine og maritime fag.

Stettar ikkje ynskje om lokalisering av marine og maritime fag ved sjø. Stettar heller ikkje ynskje å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion.

Gjev stor overkapasitet på elevplassar allereie frå 2020.

1.3.2 Alternativ 2

Seljer seg ut av Volsdalsberga og samlokaliserer Ålesund vgs i sentrum. Idrettsfag vert lokalisert til Fagerlia vgs.

Stettar byutvikling og knutepunktsideén til Ålesund kommune. Samlokaliserar marine og maritime fag. Stettar delvis ynskje å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion

Stettar ikkje ynskje om lokalisering av marine og maritime fag ved sjø.

Gjev liten overkapasitet i elevplassar frå 2025.

1.3.3 Alternativ 3

Bygger ut alle skulane i høve til dagens tilbodsstruktur.

Stettar ikkje byutvikling og knutepunktsideén til Ålesund kommune.

Samlokaliserar marine og maritime fag ved sjø, og tettar ynskje å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion

Gjev liten overkapasitet i elevplassar frå 2025, men ein behald mykje eldre bygningsmasse med dårleg utnytting. Alternativet gjev betydeleg auka årlege driftskostnadar.

1.3.4 Alternativ 4

Bygger ut Volsdalsberga utan idrettsfag. Idrettsfag lokaliserast til Spjelkavik vgs.

Stettar ikkje byutvikling og knutepunktsideén til Ålesund kommune. Stettar heller ikkje ynskje å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion.

Samlokaliserar marine og maritime fag ved sjø.

Gjev stor overkapasitet på elevplassar allereie frå 2020. Ein behald mykje eldre bygningsmasse med dårleg utnytting. Både investeringskostnadane og auka driftskostnadar vert store.

1.3.5 Alternativ 5

Bygger ut Volsdalsberga utan idrettsfag. Idrettsfag lokaliserast til Fagerlia vgs.

Stettar ikkje byutvikling og knutepunktsideén til Ålesund kommune. Stettar delvis ynskje å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion

Samlokaliserar marine og maritime fag ved sjø.

Gjev liten overkapasitet i elevplassar frå 2025. Ein behald mykje eldre bygningsmasse med dårleg utnytting. Både investeringskostnadane og auka driftskostnadar vert store.

1.3.6 Alternativ 6

Bygger ut Volsdalsberga med idrettsfag. Fagerlia vgs vert flytta til sentrum.

Stettar byutvikling og men ikkje knutepunktsideén til Ålesund kommune. Stettar ynskje om å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion. Samlokaliserar marine og maritime fag ved sjø.

Gjev liten overkapasitet i elevplassar frå 2025. Mykje gammal bygningsmasse på Fagerlia vert tatt ut av bruk, og erstattast av nye og meir arealeffektive bygg.

1.3.7 Alternativ 7

Bygger ut Volsdalsberga utan idrettsfag. Idrettsfaga vert lokalisert i Spjelkavi, medan Fagerlia vgs vert flytta til sentrum.

Stettar byutvikling og men ikkje knutepunktsideén til Ålesund kommune. Stettar ikkje ynskje om å ha idrettsfag i nærleiken av idrettsmiljøet kring ColorLine Stadion. Samlokaliserar marine og maritime fag ved sjø.

Gjev stor overkapasitet på elevplassar allereie frå 2020. Mykje gammal bygningsmasse på Fagerlia vert tatt ut av bruk, og erstattast av nye og meir arealeffektive bygg.

2 GENERELL PROSJEKTINFORMASJON

2.1 Mandat

2.1.1 Politisk grunnlag

Fylkestinget har desember 2011 i sak T-79/11 samrøystes vedtatt følgjande verbalframlegg; *“Fylkestinget ber om at det vert lagt fram utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane i fylket i løpet av økonomiplanperioden.”*

Det vart i februar 2012 i sak Ud-5/12 lagt fram ein plan for arbeidet med utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane. For dei vidaregåande skulane i Ålesund skulle utviklingsplanane leggest fram for politisk behandling i juni 2013.

I april 2012 i sak T-10/12 sette Fylkestinget av ein million kroner til å gjennomføre arbeidet med utviklingsplanane.

I november 2012 i sak U-170/12 vedtok Fylkesutvalet føresetnader for arbeidet. Det vart da vedtatt at skulane skulle ha ein samla plan.

2.2 Gjennomføring

2.2.1 Prosjektgjennomføring

I høve til Regional planstrategi 2012 – 2016 og Fylkesplana 2013 – 2016 skal slikt planarbeide skje i samarbeid med lokale aktørar. Planarbeidet bør i tillegg til å omhandle dei vidaregåande skulane også sjå på dei føringane som er gitt i Fylkesplana.

Det vart difor oppretta ei prosjektgruppe sett saman av deltakarar frå Møre og Romsdal fylkeskommune (Byggje- og vedlikehaldsseksjonen og Utdanningsavdelinga), Ålesund kommune (Ålesund Kommunale Eiendomsforetak og Virksomhet Plan og Bygning). For å utarbeide planar for dei ulike alternativa vart det utlyst konkurranse på arkitekttenester, og Arkitekt Svein Skylstad AS vart vald.

Dei fire vidaregåande skulane, Samferdselsavdelinga (MRFK), Plan- og analyseavdelinga (MRFK) har vore referansegrupper for arbeidet. Prosjektgruppedeltakarane har rapportert til sine respektive rådmenn.

2.2.2 Behandling av plana


I perioden mai – august 2012 vart dei vidaregåande skulane i Ålesund bedt om å gjere greie for korleis dei ynskja å utvikle seg i åra fram mot 2025. Skulane svarta at dei primært ynskjer å utvikle seg innanfor dei tilboda skulane har i dag. Dette vart lagt til grunn for fyrste høyring.

Høyring 1 omfatta tilbodsstruktur på skulane og plassering av skolar i høve til utvikling av Ålesund kommune. Høyringa vart behandla av alle høringspartane samt som politisk behandling i Ålesund kommune. Som resultat av høyring ein kom det fram nye alternativ som vart tatt delvis med i høyring to.

Høyring 2 omhandla utbygging ved kvar av skulane. Høyring to vart berre behandla av skulane.

Samla utviklingsplan vert lagt fram for politisk handsaming i Fylkestinget juni 2013.

2.3 Organisering av prosjektet




3 FØRESETNADER

3.1 Elevtal

3.1.1 Elevtalsauke

Ei framskriving av elevtal i høve til SSB sine analyser tyder på ei forventa elevtalsauke på 600 – 900 fleire elevar fram mot 2040.

Allereie til 2025 treng ein 400 ekstra elevplassar i Ålesund. Elevtalsauka startar fyrst frå rundt 2020. Fram til da vil ein ha eit relativt stabilt elevtal ved Ålesundsskulane.




Tabell 3.1 Folketalsvekst (SSB 16-18 åringar) - Tal for Ålesund inkluderer Ålesund, Giske, Sula, Ørskog og Skodje.

3.1.2 Kapasitet

Ålesundsskulane har ikkje ledig kapasitet til å ta imot fleire elevar i dag. Fleire elevar frå Ålesund vert i dag tatt inn på skulane kring Ålesund grunna manglane kapasitet.

3.1.3 Behov for arbeidskraft

Kunnskapsministeren la januar 2012 fram ei oversikt som syner at arbeidslivet har eit stigande behov for fagutdanna elevar, og eit synkende behov for elevar med generell studiekompetanse. Samstundes har fylkeskommunen ein aukande trend med elevar som søker generell studiekompetanse.



Tabell 3.2 Behov for arbeidskraft fram mot 2030.

3.2 Dimensjonering

Følgjande dimensjonerande vert lagt tilbudsstruktur til grunn for plana.

Utdanningsområde	2013-14	2025	2040
Studiespesialisering	1181	1400	1600
Idrettsfag	150	150	150
Musikk/dans/drama	165	165	165
Studspeialisering m/ formgiving	68	70	90
Medier og kommunikasjon	162	180	225
Naturbruk	28	30	30
Teknikk og ind produksjon	248	310	330
Service og semferdsel	85	90	135
Bygg og Anleggsteknikk	133	150	180
Design og Håndverk	130	150	150
Elektrofag	156	180	210
Helse- og oppvekstfag	291	344	404
Restaurant og matfag	90	105	120
Påbygging til gen stk	193	197	227
TPO		42	48
SUM	3080	3563	4064

Tabell 3.3 Dimensjonerande tilbudsstruktur

3.3 Bygningane

3.3.1 Tilstand skulane

Det er utført tilstandsanalyse av Fagerlia vgs og Spjelkavik vgs i desse dagar. Desse syner at begge skulane vil ha behov for rehabilitering. Fagerlia i mykje større grad enn Spjelkavik.

Borgund vgs er nybygd frå 2006 og fram til i 2012. Deler av undervisninga vert gjort i brakker, modulbygg eller leigde verkstadlokale utanom skulen. Modulbygga har rimeleg god standard og kan nyttast i mange år. Undervisning i leigde bygg og brakker bør flyttast til betre og meir eigna bygg.

Ålesund vgs er delt på to lokalitetar; Latinskolen og Volsdalsberga. Nordfløya på Volsdalsberga er nyopprusta, medan Sørlfløya er vurdert ikkje økonomisk lønnsam å ruste opp. Denne må takast ut av bruk så snart som råd.

Deler av Latinskolen stettar dårleg ein del krav til ein vidaregående skule i dag. Dette gjeld mellom anna universell utforming, tilgang på grupperom for elevsamtalar og differensiert undervisning.


3.4 Samarbeid Ålesund kommune

3.4.1 Bypakke – kollektivtrafikk

Ålesund kommune ynskjer å etablere ei ekspressrute mellom Moa og Sentrum med stopp ved Sjukehuset og Campus Ålesund. Bussruta skal ha avgang kvar 5-10 minutt. Fordeling vidare utover distriktet vil da skje frå endestoppa.

Borgund vgs og Spjelkavik vgs kan nåast i gangavstand frå Moa. Fagerlia vgs ligg ved Campus Ålesund. Ålesund vgs – Volsdalsberga ligg utanom denne ekspressruta.

Dei aller fleste av elevane på Spjelkavik kjem direkte til skolen med skulebuss, og treng ikkje byte buss ved knutepunkta. For dei andre skulane er det grunna tilbudsstrukturen mange fleire elevar som kjem utanbys frå og følgjer ordinær rutebuss.



Tabell 3.4 Knutepunktstruktur

3.4.2 Byutvikling

Plan- og analyseavdelinga ved fylkeskommunen peikar på etablering av vidaregåande skule som eit av dei beste tiltaka for å reaktivere sentrum. Sambruk av funksjonar på dag- og kveldstid gir aktivitet i offentlege bygg heile døgnet.

Elevane i vidaregåande skule er brukarar som i hovudsak nyttar kollektivtransport.

På 70-tallet var det ein trend at til dømes høgskular og kjøpesenter vart lokalisert utanom sentrum. Dette vart med på å utarme bysentra. Først på 2000-talet begynte denne trenden å snu. I fleire storbyar vert no vidaregåande skolar nytta som gode tiltak for å reaktivere bysentrum.

3.4.3 Spjelkavik ungdomsskole

Spjelkavikhallen ligg mellom Spjelkavik skole, Spjelkavik ungdomsskole og Spjelkavik vgs. Ålesund kommune utvidar Spjelkavik ungdomsskole til sju parallellar. Når Spjelkavikhallen som brann vert bygd opp igjen kan ungdomsskulen berre nytte halve hallen. Den andre halvdelan vert nytta av Spjelkavik vgs. Fylkeskommunen har, ved å finansiere delar av hallen, rett til å nytte halvparten.

Det er derfor eit stort behov for ekstra kroppsøvingareal for Spjelkavik ungdomsskole og Spjelkavik skole.

3.4.4 Kulturskule

Ålesund kommune og fylkeskommunen har ein intensjonsavtale om bygging av ny kulturskule ved Fagerlia vgs. Ålesund kommune har vedtatt midlar i økonomiplana til å starte

prosjektering av kulturskolen. Arbeidet vil ikkje verte starta opp før Ålesund kommune og fylkeskommunen er samd.

3.4.5 Idrettshall Spjelkavik

Ålesund vgs har kritisk mangel på kroppsøvningsareal. Eit mogleg tiltak er å flytte idrettsfaga til Spjelkavik vgs. Spjelkavik IL har utarbeid forprosjekt på ein ny Storhall i Ålesund. Dette er ein idrettshall med tre handballbaner som skal kunne vere ein kamparena for internasjonale kampar. Spjelkavik IL har til no mangla ein leigetakar som kan stette finansieringa av hallen.

3.5 Klimamål

Arbeidet med høyringa har lagt vekt på mål frå følgjande plandokument

- Fylkesplan 2013 – 2016
 - *Legge til rette for berekraftig arealbruk og samfunnsutvikling, der miljø- og klimaomsyn skal vere viktige vurderingskriterium i alle planar og tiltak.*
 - *I samarbeid med kommunar og andre skal kollektivdelen aukast ved å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektivt både i og mellom fylka.*
- Regional Energi- og klimaplan
 - *Møre og Romsdal fylke skal medverke til ein samordna areal og transportutvikling som reduserer transportbehov og bilbruk og gir ei berekraftig regional utvikling.*
 - *Klimaomsyn skal leggest til grunn for fylket sin samferdslepolitikk.*
 - *Det skal leggest vekt på å redusere transportavstandar gjennom fortetting og lokalisering av transportgenererande verksemder.*
- Klimaplan 2011 – 2015 - Ålesund kommune
 - *4.1 Fortetting ved kollektivknutepunkt – Tilrettelegging ved kollektivknutepunkt for å gi god tilgjengelighet for brukerne. Konsekvens: Redusert transportbehov. Meir kollektivtrafikk.*

3.5.1 Energieffektivisering bygg

Tiltak som går på energieffektivisering vert tatt omsyn til ved utarbeiding av byggeprogram for dei einskilde prosjekta. Det er likevel lagt til grunn at nybygg vert forventa å ha lågare energibruk enn eldre bygg.

3.6 Andre føresetnader

3.6.1 NMK2

Det er politisk vedtatt i fylkeskommunen at dei maritime tilboda på Ålesund vgs skal ha verkstad/laboratorium ved det komande NMK2 senteret ved Campus Ålesund.

Fylkeskommunen er i dialog med utbygger om framdrift.

Ved fortsatt lokalisering av maritim utdanning ved Ålesund vgs Volsdalsberga må elevane skyssast med buss frå skulen til NMK2-bygget. Arealbehova vert også større grunna at ein må dublere fleire verkstadsfunksjonar ved delt lokalisering.

3.6.2 Akademiet og andre tilbydarar.

I høve til behov for ekstra elevplassar i Ålesund er det føresett at Akademiet i Ålesund ikkje har vesentleg auke i elevtal. Det er tatt omsyn til dei elevane som går på skulen i dag.

Akademiet tilbyd i hovudsak Studiespesialisering og Medier og kommunikasjon. Tilboda som treng mykje plass og dyrt utstyr vil mest truleg fortsatt vere eit fylkeskommunalt ansvar.

3.6.3 Framdrift

Utbygging må starte slik at ein har ekstra kapasitet frå 2020. I tillegg må ein starte nybygg av verkstadar som erstatning for Sørsida på Volsdalsberga snarast mogleg.

Samstundes må ein ikkje byggje ut så raskt at ein risikerer å få stor overkapasitet i Ålesund.

3.6.4 Økonomi

Det må søkast løysingar kor investeringane kan verte delt av fleire partar.

3.7 Politisk vedtekne føresetnader

Følgjande føresetnader for arbeidet vart vedtatt i Fylkesutvalet i sak U-170/12.

1. Utviklingsplanar for skulane i Ålesund vert utført som ein felles plan.
2. Tilboda som ein har bygd nytt for eller utgjer hovudtyngda av opplæringa på skulen vurderast som ikkje flyttbare. Dette gjeld;
 - a. Borgund vgs – Alle tilboda.
 - b. Spjelkavik vgs – Studiespesialisering
 - c. Fagerlia vgs – Studiespesialisering
 - d. Ålesund vgs – Naturbruk (blå line) som krev nærleik til sjøen.

Om desse tilboda skal flyttast må det vurderast ved evt. ny lokalisering av skulen.

3. Det må byggast ut 400 ekstra elevplassar til 2025.
4. Skulane må kunne utvidast med til saman ytterlegare 600 elevplassar til 2040.
5. Sørfløya Ålesund vgs er i så dårleg tilstand at den må snarast mogleg takast ut av bruk.
6. Skulane må ha tilbod som gjer dei nokolunde kjønnsnøytrale slik at det ikkje vert oppretta reine gute- og jenteskular.
7. Prosjektet skal ha ambisjon om å ivareta samfunnsmessige omsyn utover skulane sine behov.
8. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen snarast råd gjennomfører det vedtaket som i fjor vart gjort i Fylkestinget (T-sak 97/11) om kjøp av nabolomt til Ålesund vgs, avdeling Volsdalsberga.

9. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i tillegg til å arbeide med ei samla utviklingsplan for skulane i Ålesund, parallelt arbeider vidare med ei snarleg revidert utviklingsplan for Ålesund vidaregåande skule avd. Volsdalsberga separat, og der kroppsøvinglokal er gitt prioritett, slik Fylkesting vedtok i fjor.
10. Fylkesutvalet ser særleg positivt på at utbygging av vidaregåande skular vert sett i ein heilskapleg byutviklingssamanheng/ sentrumsutviklingssamanheng. Ein vil også understreke kor viktig det er at skulane er lokalisert langs /i nær tilknytning til kollektivtrase/ knutepunkt.

4 HØYRING

4.1 Høring 1-Struktur

Høring 1 vart sendt ut i desember 2012 og hadde følgjande alternativ. For argumentasjon knytt til alternativa sjå vedlegg 1 - Høring 1.

1. Idrettsfag vert flytta frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs. Teknikk og industriell produksjon (maritime fag) vert flytta frå Ålesund vgs til Fagerlia vgs. Ålesund vgs vert samanslått i ein ny skule på sørsida av Ålesund sentrum. Latinskolen og Volsdalsberga vert tatt ut av bruk.
2. Idrettsfag vert flytta frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs. Teknikk og industriell produksjon (maritime fag) vert flytta frå Ålesund vgs til Fagerlia vgs. Ålesund vgs vert samanslått i ein ny skule på sørsida av Ålesund sentrum. Volsdalsberga vert tatt ut av bruk, men Latinskolen vert framleis brukt som teoribygge.
3. Spjelkavik vgs vert lagt ned og flytta til Volsdalsberga.

4.1.1 Høringssvar

Følgjande leverte høringssvar;

1. Ålesund vgs (Skulen, avdeling idrettsfag, avdeling TIP/NA og klubben i Utdanningsforbundet leverte separate høringar).
2. Fagerlia vgs
3. Borgund vgs
4. Spjelkavik vgs
5. Aalesunds Roklub
6. FK Fortuna Ålesund
7. Giske havfiske AS og MS Seir AS (likelydande høringar)
8. FiskOK
9. Aalesunds Rederiforening
10. Ålesund kommune har levert ein lengre og utdjupande høring.

Høringane er lagt ved rapporten.

4.1.2 Høring Ålesund kommune

Følgjande vart vedtatt i Ålesund bystyre 7.mars 2013.

“

1. *Borgund vg bygges ut for å ta i mot elevtallsøkning innen gjeldende tilbud.*
2. *Spjelkavik vg bygges ut med idrettsfag fra Ålesund vg.*
3. *Dersom fylkeskommunen ikke lykkes med å få etablert gode kroppsøvingareal i Spjelkavika flyttes idrettstilbudet til Fagerlia, der areal til kroppsøving utvides.*
4. *Fagerlia vg bygges ut med teknikk og industriell produksjon fra Ålesund vg.*
5. *Volsdalsberga tas ut av bruk.*
6. *Ny Ålesund vg bygges med kroppsøvingfasiliteter på sørsida. Byskolen bygges ut med musikk, dans og drama fra Fagerlia vg der sambruk med Kulturskolen er en forutsetning – og legges til grunn for prosjekteringen.*
7. *Latinskolen blir en del av ny Ålesund vg i sentrum.*
8. *Ny Kulturskole etableres på sørsida i bysentrum, forutsatt avtale med fylket om sambruk med Ålesund vg. Det er også en forutsetning at skolen etableres tilnærmet samtidig som Kulturskolen.*
9. *Dersom det ikke lykkes å få til en forpliktende avtale om etablering av byskole, forutsettes Kulturskole bygd på tiltenkt tomt i Fagerlia.*
10. *Trafikkløsninger som sikrer god flyt i gjennomgangstrafikken og trygghet for myke trafikanter, bør være på plass samtidig med ny samlokalisering av sentrumsskole og kulturskole.*
11. *Av hensyn til den store økningen i elevtallet de kommende år, er det avgjørende at skolebyggingen kommer raskt i gang.*
12. *Bystyret i Ålesund forutsetter at man i det videre arbeidet har et høgt fokus på å sikre det marine og maritime utdanningstilbudet i videregående skole et samlet kompetansemiljø ved sjø.”*

4.2 Oppsummering høyring 1

Følgjande uttalar kom fram i høyringane. Kven høyringsuttalen kjem frå er satt i parentes.

- Sentrumsskule er positiv i byutviklingsperspektiv (Ålesund kommune)
- Maritime og marine fag kan ikkje splittast), og bør lokaliserast til sjø (Aalesunds Rederiforbund, FiskOK, MS Seir AS, Giske havfiske AS og Ålesund vgs)
- Volsdalsberga må attreisast som utdanningsinstitusjon for den marine og maritime næringa slik han ein gang var (MS Seir AS og Giske havfiske AS).
- Idrettsfag flyttast til Spjelkavik og ny storhall for Ålesundsregionen byggast (Ålesund kommune) / Idrettsfag må ligge på Volsdalsberga med grunnleik i tilhøyrsele til kringliggande klubbar og fasilitetar (Ålesund vgs og FK Fortuna).
 - Fagerlia bør vurderast for idrettsfag om det ikkje kan realiserast i Spjelkavik (Ålesund kommune)
 - Idrettsfag må lokaliserast på Fagerlia eller Volsdalsberga (Roklubben)
- Latinskolen bør takast vare på (Ålesund kommune) / Latinskolen må takast ut av bruk (Ålesund vgs)
- Utbyggingane må skje raskt og føreseieleg.
 - Ålesund vgs trenger nybygg raskt for ikke tilfredsstillende og manglende funksjoner.
 - Ålesund frykter en usikker driftssituasjon med mange lokaliteter og usikker skulestruktur.
 - Borgund trenger nybygg raskt for å sikre rekruttering og arbeidsforhold elever/tilsatte.
 - Fagerlia trenger ombygging raskt for å forbedre funksjonalitet og forfallen bygningsmasse.
- Skulane med SSP må ha minst 8 paralleller for å gi nok faglig bredde i tilbudet. (Fagerlia vgs og Spjelkavik vgs)
- Spjelkavik vgs bør ikkje leggast ned (Spjelkavik vgs, Ålesund kommune).

4.3 Høyring 2 – Utbygging skulane

Høyring 2 vart presentert for skulane 8. og 9. april. Skulane stilte med leiing, elev- og tilsettere representantar. Høyring 2 vart også presentert for Ålesund kommune v/Rådmann med følgje.

4.3.1 Høyringssvar

Grunna den korte fristen har berre Spjelkavik vgs, Borgund vgs og Fagerlia vgs fått tid til å levere uttale. Eventuell andre fråsegn vert delt ut i samband med handsaming av saka.

- Borgund vgs meiner arealet til elektro er for lite.
- Fagerlia vgs ynskjer at det vert bygd i Fagerlia med TIP/NA og Idrett.
- Spjelkavik vgs aksepterer at det kan ta noe tid før utbygging skjer, men føreset da at det vert gjort tiltak på skulen.
- Ålesund kommune har munnleg gjort det klart at dei framleis ynskjer løysinga vedteken av kommunestyret i høyring 1.

Fråsegna frå dei nemnde skulane er lagt ved som vedlegg 3.

5 SKULESTRUKTUR

Høyring 1 gjev ikkje grunn for å flytte andre utdanningsområde enn dei omtala i dette kapitlet. Mindre endringar i skulebruksplana skjer kvart år, men skulebygningane skal vere fleksible nok til å takle desse endringane.

For å gjennomføre utbyggingane må det gjerast fire val i høve til lokalisering av tilbod. For nokre av vala vil det verte rekkefylgjekrav og framdriftskrav knytt til utbygginga.

På bakgrunn av føresetnadane og høyringane vert det ikkje foreslått nedlegging av Spjelkavik vgs. Maritime og marine tilbod vert heller ikkje splitta på to skolar.

Utbygging på Borgund vgs korkje påverkar eller vert påverka av vala i Ålesundsstrukturen og utbygging kan gjennomførast uavhengig av tilbodsstrukturen.

5.1 Val i skulestrukturen

Følgjande val må gjerast i høve til å lage ny Ålesundsstruktur.

5.1.1 Val 1 – Lokalisering av Ålesund vgs.

Lokalisering av Ålesund vgs står mellom sørsida av Ålesund sentrum og Volsdalsberga.

Valet er på den eine sida eit ynskje om å stette kollektivtilbodet og knutepunktideen, samt stette sentrumsutviklinga i Ålesund.

På den andre sida står ynskje om å behalde ei maritim og marin utdanning ved sjø og ei idrettsfagleg opplæring saman med fasilitetane og klubbane i området ved Volsdalsberga.

5.1.2 Val 2 – Bruk av Latinskolen

Bruk av Latinskolen er ynskja av Ålesund kommune. I saka til Ålesund kommune står det;

“Latinskolen bør bevares som en levende del av byen, og sambruk mellom ny skole og Latinskolen er mulig og ønskelig – det er bare ca. 120 m fra Latinskolen til planlagt nybygg på sørsida. Ved å fylle Latinskolen med aktivitet vil vi videreutvikle en identitetsskaper og ta vare på en viktig del av byens historie.”

Valet om bruk av Latinskolen stend mellom ynskje til Ålesund kommune og tilsvarande reduserte investeringskostnader i nybygg mot Ålesund vgs sitt ynskje om å kunne samle alle elevane i pedagogisk fellesskap i eit bygg.

5.1.3 Val 3 – Lokalisering Idrettsfag

Lokalisering av idrettsfaga stend mellom Volsdalsberga, Spjelkavik og Fagerlia.

Val av Spjelkavik vert tufta på ynskje om å få bygd ny storhall i Ålesund for internasjonale arrangement. I Fagerlia vert det knytt til knutepunktsideen for busstransport, samt nærare tilknytning til idrettsmiljøet kring Volsdalsberga. På Volsdalsberga er lokalisering knytt til nærleik til Sparebanken Møre Arena og samarbeidet med klubbane i området.

5.1.4 Val 4 – Lokalisering av Fagerlia vgs

Lokalisering av Fagerlia vgs stend mellom Fagerlia og sørsida av Ålesund sentrum.


Val av sørsida av sentrum føreset at idrettsfag vert lokalisert til Spjelkavik.

Valet er basert på den eine sida ynskje om å stette sentrumsutvikling i Ålesund og ei forenkla utbygging av Fagerlia vgs, samt at vert frigjort areal for utvikling av Campus Ålesund.

På den andre sida stend ynskje om fortsatt lokalisering nær Campus Ålesund.

5.2 Flytskjema for val i skulestrukturen

Flytskjemaet er basert på vala gjort greie for over.



5.3 Alternative dimensjonerende tilbudsstrukturar

Som følgje av desse vala får ein sju alternativ;

1. Samlokalisere Ålesund vgs i sentrum, idrettsfag i Spjelkavik
2. Samlokalisere Ålesund vgs i sentrum, idrettsfag i Fagerlia
3. Behalde Volsdalsberga med idrettsfag
4. Behalde Volsdalsberga med idrettsfag i Spjelkavika
5. Behalde Volsdalsberga med idrettsfag i Fagerlia
6. Behalde Volsdalsberga med idrettsfag – Fagerlia til sentrum
7. Behalde Volsdalsberga med idrettsfag i Spjelkavika – Fagerlia til sentrum

Alt	Volsdalsberga	Fagerlia	Spjelkavik	Borgund	Sørsida
1	Selt	+ TP/NA	+ID	Likt i alle	+ MDD/ Kulturskule
2	Selt	+ TP/NA/ID			+MDD/ Kulturskule
3	Inklusiv TP/ NA/ ID	Inklusiv MDD/ Kulturskule			Ikkje bygging
4	Inklusiv TP/ NA	Inklusiv MDD/ Kulturskule	+ID		Ikkje bygging
5	Inklusiv TP/ NA	Inklusiv MDD/ Kulturskule/ ID			Ikkje bygging
6	Inklusiv TP/ NA/ ID	Selt			Med Fagerlia (MDD/Kulturskule /ST/HO/TPO)
7	Inklusiv TP/ NA	Selt	+ID		Med Fagerlia (MDD/Kulturskule /ST/HO/TPO)

Tabell 5.1 Alternativa sine hovudgrupp på dei fem lokalitetane.

5.4 Elevkapasitet

Utbygginga i dei ulike alternativa gjev ulik kapasitet i Ålesund.

Alternativ	2025	2040
1	3744	4064
2	3594	4064
3	3594	4064
4	3744	4064
5	3594	4064
6	3594	4064
7	3744	4064

Tabell 5.2 Elevkapasitet i 2025 og 2040

5.5 Framdrift

Utbygging av Borgund vgs kan skje uavhengig av alternativa. For Borgund må det reknast 3,5 år frå vedtekne midlar i økonomiplana til ferdig bygg.

Alt	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Seinare
1	Utbygging Fagerlia			Ombygging Fagerlia							
	Utbygging Sørsida - Ålesund vgs										
	Utbygging Spjelkavik										
2	Utbygging Fagerlia					Ombygging Fagerli					
	Utbygging Sørsida - Ålesund vgs										Utbygging Spjelkavik
	Utbygging Volsdalsberga										
3	Utbygging Fagerlia			Ombygging Fagerlia							Utbygging Spjelkavik
	Utbygging Volsdalsberga										
	Utbygging Sørsida - Fagerlia vgs										
4	Utbygging Volsdalsberga					Ombygging Fagerlia					
	Utbygging Fagerlia			Ombygging Fagerlia							
	Utbygging Spjelkavik										
5	Utbygging Volsdalsberga					Ombygging Fagerlia					Utbygging Spjelkavik
	Utbygging Fagerlia			Ombygging Fagerlia							
	Utbygging Sørsida - Fagerlia vgs										
6	Utbygging Volsdalsberga										Utbygging Spjelkavik
	Utbygging Sørsida - Fagerlia vgs										
	Utbygging Volsdalsberga										
7	Utbygging Sørsida - Fagerlia vgs										
	Utbygging Spjelkavik										
	Utbygging Volsdalsberga										

Tabell 5.3 Framdriftsplan for utbyggingane gitt ved dei ulike alternativa.

5.6 Kostnader

Alle kostnader tek utgangspunkt i kroneverdi i 2013 inkl mva. Prisstigning er ikkje rekna med.

Følgjande kostnadstal er nytta;

- Å behalde det eldste bygget på Latinskolen som eit teoribygge gjev 64,0 millionar i forventede reduserte investeringskostnader. Det er da tatt høgd for ekstra kostnader knytt til rehabilitering av Latinskolen.
- Sal av bygga på festa tomt på Volsdalberga er etter takst vurdert til 20 millionar.
- Sal av tomt og bygg på Fagerlia er estimert utan takst til 75 millionar.
- Kjøp av tomt er i samarbeid med ÅKE sett til 2000,- kr/m² på Volsdalberga og 4000,- kr/m² i Sentrum. Dette er basert på erfaringstal.
- Rehabiliteringskostnader er vurdert for kvart enkel skule. Desse varierer i høve til grad av opprusting frå 8.000,- kr/m² til 16.000,- kr/m².
- Nybyggkostnad er i høve til erfaring sett til 32.500,- kr/m².
- Det er rekna inn eit bidrag i ny storhall i Spjelkavika på 50,0 mill kr. Dette er laust basert på kostnader fylkeskommunen har hatt ved samarbeidsprosjekt om idrettshall i Ulstein og ved Borgund vgs.

5.6.1 Tabell over kostnader knytt til alternativ

Alt	Ålesund	Fagerlia	Spjelkavik	Borgund	SUM
1	351 150 000	388 640 000	126 197 500	127 255 000	993 242 500
2	351 150 000	457 040 000	31 460 000	127 255 000	966 905 000
3	441 925 000	380 890 000	31 460 000	127 255 000	981 530 000
4	399 675 000	377 890 000	126 197 500	127 255 000	1 031 017 500
5	399 675 000	446 290 000	31 460 000	127 255 000	1 004 680 000
6	440 925 000	375 900 000	31 460 000	127 255 000	975 540 000
7	398 675 000	375 900 000	126 197 500	127 255 000	1 028 027 500

Tabell 5.4 Investeringskostnader ved dei ulike alternativa

5.6.2 Areal og årskostnader

Alt	Areal takast ut av bruk m2	Areal byggast nytt m2	Areal etter utbygging m2	Forventa endring driftskostnader kr/m2/år
1	17 681	23 029	60 583	14 885 650
2	17 681	23 954	61 508	15 301 900
3	13 570	21 554	63 219	18 949 550
4	13 570	21 529	63 194	18 938 300
5	13 570	22 454	64 119	19 354 550
6	24 824	27 822	58 233	8 828 050
7	24 824	27 797	58 208	8 816 800

Tabell 5.5 Areal og driftskostnader

6 VURDERINGAR

Å vurdere alle sider knytt til ny Ålesundsstruktur vil krevje meir ressursar og lengre tid. Difor er det berre gjort vurderingar knytt til dei viktigaste vala som må gjerast, samt til nokre vesentlege områder utanom vala.

6.1 Borgund vgs

Borgund vgs er ikkje påverka av vala og kan byggjast ut uavhengig av ny skulestruktur. I utviklingsplana er skulen foreslått utbygd for elektrofag, påbygging og særskilt tilpassa opplæring. Nybygg gjev skulen kapasitet til om lag 100 ekstra elevplassar. Skulen skal kunne ha plass til ytterlegare 240 ekstra elevplassar i 2040. Utbygginga kan skje stegvis med nybygg fyrst og deretter utviding inne i eksisterande bygg.

6.1.1 Pedagogiske vurderingar

Det er vist eit nybygg med kort avstand til fellesfunksjonane på skulen. Elektrofag vert nå samla i eit bygg. Gjev desse utdanningane betre tilhøyrse til skulesamfunnet og mogleg samarbeid på internt og på tvers av utdanningsprogramma vert enklare.

6.1.2 Tomtevurderingar

Tomta på Borgund er på ca 50 mål og eigd av fylkeskommunen. I høve til reguleringsplan er skulen maksimalt utbygd. Nybygg krev at brakkene vert revet. For å kunne utvide kapasiteten ytterlegare må det søkast dispensasjon frå maksimal utnyttingsgrad på tomte.

6.1.3 Vurderingar i høve til bygning

Borgund har ny bygningsmasse frå 2006 til i dag på ca 21.000 m². Skulen har også eit modulbygg frå 2005 på om lag 1.500 m².

Utbygginga gjer det framleis mogleg å byggje ut skulen ytterlegare på lang sikt. Om lag 1.500 m² med til dels dårlege brakker vert tatt ut av bruk.

6.1.4 Samfunnsmessige vurderingar

Skulen melder om problem med å rekruttere lærarar serleg til elektrofag og automasjon. Mykje av dette skuldast dei dårlege arbeidstilhøva skulen kan tilby nye lærarar. Det burde vere enklare å rekruttere nye lærarar til skulen innan elektrofaga med nytt bygg.

Som den einaste reine yrkesskulen er det viktig at den står fram som attraktiv for å sikre tilstrekkeleg rekruttering til fagutdanningane ([sjå kap 3.1.3](#)).

6.1.5 Økonomiske vurderingar

Utbygginga er ikkje påverka av andre utbyggingar og kan tilpassast investeringsevna til fylkeskommunen. Utbygginga må i høve til elevtalsvekst stå ferdig til ca 2020.

6.2 Spjelkavik vgs

Skulen er foreslått utbygd med plass til 330 ekstra elevplassar. Utbygginga kan skje stegvis. Fyrste utbygging vil gje 150 ekstra elevplassar og ha plass til idrettsfag.

6.2.1 Pedagogiske vurderingar

Utbygginga gjev elevar og lærarar betre tilgang til grupperom. Administrasjon og elevtenester vert også samla til eigne områder.

Å konsentrere studiespesialiserande tilbod til to skular med meir enn åtte parallellar gjev det mogleg for full fordjuping i språk- og realfag.

6.2.2 Tomtevurderingar

Tomta på Spjelkavik er på 32,2 mål og eigd av fylkeskommunen. Det er difor god plass til å utvide skulen på tomte.

Spjelkavik vgs ligg att med Spjelkavik usk og Spjelkavik barneskole midt i eit bustadsfelt. Det er vurdert som krevjande trafikalt å auke elevtalet betydeleg. Difor er det berre lagt opp til ei avgrensa utbygging.

6.2.3 Vurderingar i høve til bygning

Skulen er frå 1978 og om lag 5300 m². Vedlikehaldet har vore godt og skulen er energieffektiv. Likevel ber skulen etter kvart preg av alderen, og det er mellom anna behov for å skifte ut dei tekniske anlegga.

Spjelkavik vgs nyttar i dag kvar ein krik og krok (også tilfluktsrom) til undervisning eller lærararbeidsplassar/kontor. Det er i tillegg akutt mangel på grupperom. Om utbygging vert utsatt bør det investerast i nytt ventilasjonsanlegg og eit mindre tilbygg til lærararbeidsplassar og grupperom.

6.2.4 Samfunnsmessige vurderingar

Det er primært elevar frå indre del av Ålesund og Sula som søker seg til skulen. Få elevar kjem buss kor ein må gjere bytte på Moa. Dei fleste elevane kjem med skulebuss, går eller køyrer moped. For å unngå ekstra trafikk utover mot ytre bydel vert det vurdert fornuftig å ha ein skule med tilbod innan Studiespesialisering i indre bydel.

Ved lokalisering av idrettsfag til Spjelkavik vgs kan det verte realisert ein ny stor idrettshall med tre handballbaner kor det kan arrangerast internasjonale kampar. Dette tilbodet har Ålesundsregionen ikkje i dag. Samstundes kan Spjelkavikhallen i større grad nyttast av ungdomsskulen og barneskulen som har stort behov for kroppsøvingsareal.

6.2.5 Økonomiske vurderingar

Om idrettsfaga vert flytta til Spjelkavik vgs må ein bygge ut skulen for å gje plass til tilbodet. Dette må skje parallelt med utbygging ved Fagerlia vgs og/eller Ålesund vgs for å sikre ein føreseieleg tilbodsstruktur i Ålesund. Investeringar på tre store prosjekt må gjennomførast innanfor ei 5-årsperiode.

Om ein vel å ikkje legge idrettsfaga til Spjelkavik kan ein ved å gjere mindre grep på skulen (lita utbygging og skifte tekniske anlegg) utsette investeringane til nærare 2030.

6.3 Ålesund vgs

6.3.1 Pedagogiske vurderingar

Ålesund vgs er vist med to alternative lokaliseringar, Volsdalsberga og Ålesund sentrum.

Begge alternativa gjer det mogleg å samle alle elevar og tilsette i eit felles skuleanlegg. Dette gir lik tilgang til sentrale funksjonar på skulen, og gjev arbeidet med å utarbeide felles kulturar mykje enklare.

På Volsdalsberga vert utdanningstilbodet oppretthaldt slik det er i dag. Elevar innan vg2 maritime fag må pendle med buss mellom NMK2 bygget og skulen, medan elevane på dei marine faga slepp å pendle. Om tilboda skulle verte plassert på Fagerlia vert avstanden til NMK2 monaleg kortare medan elevane på den marine utdanninga må pendle nokre dagar i veka. Det er ikkje uvanleg at elevane innan yrkesfaga har større eller mindre deler av opplæringa ute på praksisplass. Blått naturbruk (marine fag) både i Herøy og Fræna har praksisplassen utanom skulen. Bygg- og anleggsgfag på Borgund vgs har størstedelen av praksisopplæringa utanom skulen.

Ved val av Volsdalsberga vil Idrettsfaga kunne fortsette opplæringa i samarbeid med dei partane som er lokalisert kring skulen.

Om tilbodet vert lokalisert til sentrum vil skulen få ein heilt ny tilbodsstruktur. Musikk, dans og drama erstattar idrettsfag, teknikk og industriell produksjon og naturbruk. Ein ny kultur må byggast opp med nye moglege samarbeidsformer på tvers av utdanningane og samarbeidspartnarar i sentrum. Det er av erfaring uheldig å splitte eit skulemiljø i to lokalitetar. Dette gjer samarbeid og tilhøyrse til skulen vanskelegare, samt at det er meir krevjande å administrere.


6.3.2 Tomte vurderingar

Tomta på Volsdalsberga er på ca 10 mål og er festa frå Ålesund kommune. Fylkeskommunen er i dialog med Ålesund kommune om kjøp av ytterlegare 10 mål av den tidlegare Slakteritomta. Skissene syner at det vil verte plass til ny idrettshall, undervisningsareal for både maritim og marin opplæring. Det er også tilstrekkeleg plass for oppstilling av 5 skulebussar. Det er da ikkje nok areal til å løyse krav til parkeringsplassar. Desse må da byggast under bakken med bussoppstilling og friareal på oversida.

Det er venta at det i samband med reguleringsarbeidet vert kravd ei konsekvensutgreiing av trafikale tilhøve med køyring mellom innfartsvegen og skulen.

6.3.3 Sørsida Ålesund sentrum.

Ålesund kommune melder at det vert satt av tomteareal på sørsida av sentrum for å byggje ut kulturskule saman med vidaregåande skule på minst 25.000 m². Bygget vert tatt med i reguleringsarbeidet og lokalisert mellom "Kulturhavna" og det nye Quality Hotell Waterfront.



Figur 6-1 Skisse av tomter som kan byggast ut i Sørsideplana. Aktuell tomteområde er markert med ring. (Kjelde; Ålesund kommune / JAJA Architects)

I reguleringsplanane er det teikna inn ny trafikktrasé frå Hessa og austover for å avlaste dagens veg. Det vert føreset at ny trafikktrasé vert etablert nokon lunde samstundes med utbygginga, og at denne tek vare på omsyn til mjuke trafikantar.

6.3.4 Vurderingar i høve til bygning

Volsdalsberga består av to blokker – Nordfløya på 4900 m² og Sørfløya på 4200 m².

Latinskolen er på ca 8300 m². Bygga på Volsdalsberga er eigd av fylkeskommunen på festa tomt. Latinskolen er leigd av Ålesund kommune. Nordfløya er opprusta dei siste åra og framstår som god kvalitet, men deler av bygget er ikkje tilgjengeleg for rullestolbrukarar.

Skissa for utbygging av ny skule på Volsdalsberga gjev frå 9.000 – 11.200 m² nybygg avhengig av alternativ, medan Sørfløya og deler av Nordfløya vert revet.

Deler av Nordfløya vert revet for å gje plass til ny idrettshall og gjere heile skuleanlegget universelt utforma.

Eit nytt bygg i sentrum vil vere på om lag 10.700 m² eksklusive kulturskule og ha alle dei kvalitetar ein kan få om ein ikkje treng å ta omsyn til eksisterande bygg. Bygget vil vere meir arealeffektivt og ha ein lågare driftskostnad. Funksjonar kan plasserast meir optimalt i høve til drift og undervisning.

6.3.5 Samfunnsmessige vurderingar

Ved framleis lokalisering på Volsdalsberga vil ein få eit meir komplett idrettstilbod der, og det vert realisert ein dobbel handballhall.

Næraste busshaldeplass for fjernbussar ligg i dag ved Meierikaia, og for nærbussar ved Klipra. Lokalisering på Volsdalsberga vil ikkje styrke knutepunktstenkinga til Ålesund kommune. Ålesund kommune er uroleg over eit auka tal elevar som gjeng langs europavegen for å nå fjernbussen på Meierikaia.

Om Ålesund vgs vert lokalisert i sentrum vil det bidra til auka aktivitet i sentrum. Kulturlivet vil verte vitalisert gjennom tilboda i den felles kulturskulen og det kan verte drivkraft for investorar på andre delar av sørsida av sentrum.

Det vil vere mogleg å samlokalisere fellesfunksjonar som til dømes folke- og skulebibliotek. Skulen vert lokalisert ca 450 meter frå knutepunkt for kollektivtrafikk.

Ein felles kulturskule i sentrum gjev noko lengre reiseavstand for elevar frå indre bydel enn om den skulle vore lokalisert i Fagerlia.

6.3.6 Økonomiske vurderingar

Investeringane kan reduserast i sentrum ved enten å framleis bruke Latinskolen (ca 64,0 mill kr) , eller ved å føre førebu nybygget for 5 etasjar men førebels bygge lågare.

På Volsdalsberga kan ein og redusere kostnadane fram mot 2025 ved å førebu nybygget for fleire etasjar enn ein bygg.

6.4 Fagerlia vgs

6.4.1 Pedagogiske vurderingar

Fagerlia er vist med to alternative lokaliseringar. Fagerlia og Ålesund sentrum.

Begge alternativa gjer det mogleg å samle alle elevar og tilsette i eit felles skuleanlegg. Dette gir lik tilgang til sentrale funksjonar på skulen, og gjev arbeidet med å utarbeide felles kulturar mykje enklare. Skulen vil også få samla dei delte administrasjonane og personalroma, samt at det vert mykje betre tilgang til grupperom på skulen. Desse fordelane vert større ved å samle tilbodet ved sørsida av sentrum enn ved framleis lokalisering på Fagerlia.

Ved lokalisering av tilboda teknikk og industriell produksjon og naturbruk vil skulen få ei meir lik kjønnsfordeling enn kva skulen har i dag. Skulen har i dag eit samarbeid med Campus Ålesund. Ved flytting til sentrum kan dette verte meir krevjande.

Å konsentrere studiespesialiserande tilbod til to skular med meir enn åtte parallellar gjev det mogleg for full fordjuping i språk- og realfag.

Ved lokalisering til sørsida av sentrum kan ein velje å framleis nytte Latinskolen. Det er av erfaring uheldig å splitte eit skulemiljø i to lokalitetar. Dette gjer samarbeid og tilhøyrsløse til skulen vanskelegare, samt at det er meir krevjande å administrere.

6.4.2 Tomtevurderingar

Tomta på Fagerlia er på 25,7 mål og eigd av fylkeskommunen. Det er tilstrekkeleg med areal for å bygge ut til både idrettsfag og maritime og marine tilbod. Det vil i så tilfelle ikkje vere noko særleg areal att til ei eventuell utviding av Campus Ålesund på tomte.

Ved lokalisering i sentrum sjå 6.3.3.

6.4.3 Vurderingar i høve til bygning

Fagerlia vgs består av tre bygg; A-bygget frå 1973 er på 6200 m², B-bygget frå 1978 på 4000 m² og C-bygget frå 2006 er på 1000 m². I tillegg leiger skulen areal i "Bryteklubben" rett nord for skulen. Totalt er skulen på ca 12.000 m². Bygga er eigd av fylkeskommunen.

I tillegg er Fagerlihallen frå 1971 i bruk som kroppsøvningslokale for skulen. Det vert i utviklingsplanane lagt opp til framleis bruk av Fagerlihallen. Denne står framfør ei opprusting som førebels ikkje ligg inne i planane til Ålesund Kommunale Eiendomsforetak (ÅKE).

I A- og B-bygget er det gjennomført tilstandsanalyse som syner at det er behov for store vedlikehaldstiltak. Skulen fryktar at deler av rørteknisk anlegg i realfagsfløya kan bryte saman kva tid som helst.

Alle tre bygga har etasjane på omtrent same kvotehøgd, noko som forenkler samanbygging.

Skulen vart slått saman i 2000 utan at det vart gjort noko med bygningsmassen for å tilpasse samanslåinga. Difor har skulen i dag framleis mange delte funksjonar som til dømes administrasjon og personalrom. Skulen manglar grupperom og har ikkje tilfredsstillande lokalar for tilpassa opplæring, elevtenester. Tilfluktsrommet under A-bygget er brukt som kantine.

Dei nye planane syner ei samanbygging av dei tre eksisterande bygga med kantine og hovudinngang i dette arealet. Alle delte funksjonar vert samlokalisert. Nybygg for alternativa idrettshall, maritime og marine fag eller kulturskule er løyst på sørsida av skulen på ein slik måte at dei ikkje tar dagslys og eksisterande utsikt frå noverande bygg.

Ombygging av A-, B- og C-bygget er så omfattande at undervisninga må flyttast ut av skulen i byggetida. Det mest opplagte alternativet er da å nytte Latinskolen i denne perioden. Dette gjev rekkefølgekrev til utbyggingane i Ålesund. Utbygging på sørsida av sentrum eller på Volsdalsberga må vere ferdig før ein kan rehabilitere Fagerlia vgs.

Eit nytt bygg i sentrum vil vere på om lag 12.000 m² eksklusive kulturskule og ha alle dei kvalitetar ein kan få om ein ikkje treng å ta omsyn til eksisterande bygg. Bygget vil vere meir

arealeffektivt og ha ein lågare driftskostnad. Funksjonar kan plasserast meir optimalt i høve til drift og undervisning.

6.4.4 Samfunnsmessige vurderingar

Ved lokalisering av maritime og marine tilbod i Fagerlia vil ein samlokalisere desse med dei store fagmiljøa knytt til Campus Ålesund.

Ved også å lokalisere idrettsfaga til Fagerlia vgs vil ein få ein ekstra handballhall i området. Denne kan nyttast som konferansesal for større konferansar ved Campus Ålesund.

Skulen ligg ved knutepunkt for kollektivtrafikk og er med på å støtte Ålesund kommunes knutepunktsstrategi.

Om ein vel å lokalisere Fagerlia vgs til Ålesund sentrum vil den, likeins om Ålesund vgs vart lokalisert der, bidra til vitalisering av sentrum med meir. Tomta på Fagerlia kan da seljast for utvikling av Campus Ålesund eller anna formål.

6.4.5 Økonomiske vurderingar

Det er ikkje mogleg å gjennomføre utviklingsplana for lokaliteten i Fagerlia i eit byggesteg. Investeringane må spreiaast over fleire byggesteg. Første byggesteg er nybygg for å gje plass til kulturskule eller tilbod frå Volsdalsberga. Andre byggesteg er rehabilitering av A- og B-blokk. Investeringane på Fagerlia må derfor spreiaast over ein 5-7 års periode.

Om ein vel å flytte Fagerlia til sentrum er det nytta same verdi på tomte som Nortura fekk for "Slakteritomta" av Ulsmo Eiendom AS pluss ein estimert pris på bygningane (tilsaman 70 mill kr inkl mva).

Investeringane kan reduserast i sentrum ved enten å framleis bruke Latinskolen (ca 64,0 mill kr) eller ved å føre førebu nybygget for 5 etasjar men førebels bygge lågare.

6.5 Økonomiske vurderingar

Billegaste løysing i høve til investeringskostnadar vil vere alternativ 1. Ålesund vgs vert samlokalisert i sentrum av Ålesund med framleis bruk av Latinskolen.

Dei maritime og marine faga vert lokalisert til Fagerlia.

I høve til den tryggleiken kostnadane er rekna innanfor kan idrettsfag plasserast på Fagerlia og Spjelkavik til same kostnad.

Dette alternativet gjev relativt stor overkapasitet i perioden 2025 til 2030. Det vert oppretthaldt mykje dyr bygningsmasse å drifte.

Billegaste alternativet justert for driftskostnadar vil vere alternativ 6. Ein beheld Ålesund vgs på Volsdalsberga med opplæring innan dei maritime, marine og idrettsfaga. Det vil da verte betre tilpassa kapasitet i høve til elevtal og mykje eldre bygningsmasse vil vere bytta ut med betre og meir kostnadseffektive bygningar.

7 UTVIKLINGSPLANAR

Kapittel sju skrevet av Arkitekt Svein Skylstad AS. Dette er deira arkitektfaglege vurderingar av alternativa.

7.1 Innleiing

Utviklingsplanane er utarbeidd av Arkitekt Svein Skylstad as på oppdrag frå Bygging- og vedlikehaldsseksjonen i Møre og Romsdal Fylkeskommune, etter konkurranse med 2 andre arkitektkontor. For Voldsdalsberga har vi knytt til oss Arkitektkontoret Kvadrat as v/ Svein Juberg som underleverandør. Arkitekt Svein Skylstad har vore ansvarleg koordinator for alle alternativa.

Arbeidet med utviklingsplanane vart sett i gang 15.november 2012 og avslutta 22.april 2013. Det er avhalde 4 prosjektmøter i tillegg til synfaring og møter med skuleleiinga og elevrepresentantar ved dei ulike skulane.

Innkome høyringskommentarar har underveis blitt vurdert av prosjektgruppa og blitt teke omsyn til i arbeidet. Prosjektgruppa har definert for oss kva høyringsinnspel vi skal ta omsyn til, og dei har oppdatert arealmodellane (FEF) tilsvarande. Arealmodellane til dei ulike skulane har derfor vore dynamiske og under endring i løpet av oppdragsperioden.

Etter høyringsrunden har det vore ein besøksrunde på alle skulane for å presentere dei konkrete løysingsforslaga for skuleleiinga og elevrepresentantane. Tilbakespela har så blitt forsøkt integrert i dei endelege løysingane som blir presentert i denne rapporten.

Sidan vurderingane i Ålesundsstrukturen er meir strukturelle og prinsipielle, har vi stort sett jobba med grove brutto m² betraktningar for kvart utdanningsprogram og skule. Vi har derfor valt å presentere eit forenkla arealoppsett med oversikt over brutto eksisterande og nytt areal, samt oversikt over rive- og ombyggingsbehov. Utomhus har vi teke med m² nytt parkeringsareal, utvida/nye busslommer for skulebuss, samt nye køyre og gangvegar.

For parkering er det nytta same dimensjoneringskriteria som blei lagt inn i reguleringsplanen for Borgund vgs i 2003 (Landskapsarkitekt Karl Petter Rødstøl as) .Her er det lagt inn 0,6 p-plassar pr. tilsett + 0,2 p-plass pr. Vg3 elev. I tillegg er det lagt inn ei viss besøksparkering for gjester, servicebrukarar og kunder til elevbedrifter.

7.2 Voldsdalsberga

7.2.1 Alternativ

I alternativ 1 og 2 er Voldsdalsberga nedlagt og flytta til Sørsida. (Sjå Sørsida).

I alternativ 3 og 6 blir Voldsdalsberga vidareført som skulestad med idrettsfag

I alternativ 4, 5 og 7 blir Voldsdalsberga vidareført utan idrettsfag.

Vi har illustrert dei prinsipielle skilnadane med og utan idrettsfag i denne utviklingsplanen.

Dvs. Alt. 3 og 6 er slått saman, og alt. 4,5 og 7 er slått saman , sidan dei gjev omtrent dei same voluma og utfordringane på tomta.

7.2.2 Dimensjonering

- I alternativa ligg Voldsdalsberga inne med 983 elevar og 153 tilsette.
- Alternativ 3 og 6 er det lagt inn ein stor idrettshall (dobbel handballbane)
- Alterantiv 4,5 og 7 er det lagt inn ein normal idrettshall (enkel handballbane)

7.2.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Gjeldande reguleringsplan R240 frå 1976. Den innkjøpte slakteritomta må regulerast om til offentlege formål. Ny utnyttingsgrad , ny idrettshall og nytt parkeringshus/bussrundkjøring, Utfylling av molo/kai krev også omregulering. Gjeldande regulering tillet kun 4 etasjar, medan høgblokka er på 6. Nye høgder må regulerast inn.

Framtidige utvidingar etter 2040 kan eventuelt skje med bygg over p-plassen.

Veks skulen på Voldsdalsberga over eit vist nivå, har Ålesund kommune signalisert at det vil utløyse konsekvensutredning.

7.2.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.2.4.1 Tilkomst

Skulen vil framleis ha tilkomst frå Sjømannsvegen. For å få betre trafikale tilhøve riv vi eksisterande gymnastikksalbygg og eksisterande bygg på slakteritomta. Området på slakteritomta blir i stor grad nytta til ny busslomme og utvida parkering.

Vi har foreslått ein ny, meir storslått hovudtilkomst i mellomrommet mellom høgblokka og nybygget. Her kan ein bygge ein open glassinngang som heng saman med ei ny kantine med direkte sjøutsikt.

7.2.4.2 Parkering.

Med 983 elevar og 153 tilsette får vi eit p-behov på 145 p-plassar. I tillegg legg vi til 15 besøks plasser. Totalt 160 p-plassar. Desse foreslår vi blir løyst gjennom eit åpent parkeringsdekke, med ca. 100 biler under og 60 biler/ 5 busser oppå. Det er også plass til å løyse dette på eitt plan på bekostning av grøntareal for elevane.

7.2.4.3 Utomhus

Tilkomstområdet rundt tidlegare gymnastikksal, slakteritomt, samt rivetomt etter sørfløya vil kreve relativt omfattande utomhusarbeider. Innpassing av idrettshall vil kreve utsprenging, som event. kan nyttast til fylling av molo/ kaiutvidelse. Tillatelse til dette må avklarast i reguleringsplanarbeidet. Tilkomstvegen til sjøen blir flytta heilt aust på slakteritomta. Eksisterande veg blir tomtegrunn for nybygget.

7.2.5 Nabolikhøve

Skulen har framleis Colorline stadion og Sunnmørshallen som næraste naboar i nord. Umoe eiendom mot aust, med si nye bolighøgblock vil vere næraste nabo til parkeringsanlegget, og

vi vil tru at den åpne plasseringa dette gir mot den nye boligbebyggelsen på resten av slakteritomta vil vere positiv for naboskapet samanlikna med ei tettare bygningsmasse mot aust som ville kasta meir skugge . Den nye trafikkløysinga med ny hovudinngang og større p-plass vil kunne vere positiv i høve sambruk med Colorline stadion og Sunnmørshallen i helgane. Ny idrettshall mot vest vil grense inn til kommunalt friområde. Mot sør grensar skulen mot sjøen.

7.2.6 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Skulen består i dag av gymnastikksalbygget, sydfløya, vestfløya og Høgblokka. Vi foreslår å rive gymnastikksalbygget, sørfløya og vestfløya. Tilsaman 5290m² vil då takast ut av bruk. Ein må då bygge erstatningslokaler for TP/NA og MK i tillegg til ny kantine. Sørfløya riv vi pga teknisk tilstand. Vestfløya riv vi pga manglande universell utforming og fordi den vil ligge som ein propp mot idrettshallen, og hindre funksjonell tilknytning av denne til høgblokka.

7.2.7 Nybygg

7.2.7.1 Skulebygg

Vi har foreslått eit nybygg i 5 etasjar orientert vinkelrett på høgblokka, og aust for denne på slakteritomta. Ein får då danna eit skjerma tun mot sydvest etter at ein riv sørfløya. Ein bør vurdere om det skal etablerast eit fiskehallbygg i tilknytning til kaia, for å sleppe trafikk frå denne til nybygget med for eksempel fisk frå båt til mottak.

Mellom høgblokka og nybygget har vi plassert ein ny opgradert hovudinngang som heng saman med ei ny kantine med storlagen sjøutsikt. Ved å flytte trafikken aust for nybygget, får ein etablert ei tett funksjonell samanbygning mellom nybygget og høgblokka. I prinsippet kan denne skje på alle plan via rampar som tek opp ulik etasjehøgder.

7.2.7.2 Idrettshall

Vi har teikna inn ein vanleg fleirbruks handballhall for kroppsøving og ein dobbel handballhall om ein legg idrettsfaga hit. Begge er foreslått plassert plassert på nedre terrengnivå og sprengt ned inn mot fjellet. Vi kan vanskeleg sjå at denne av rigg og drift, samt skuletryggleikshensyn kan etablerast før ein riv sydfløya . Etter at ein har reve denne står ein derimot friare til å vurdere kor nær sjøen ein vel å plassere hallen. Her er det naturleg å foreta ei optimalisering mot sprenging i det vidare arbeidet.

7.2.8 Ombyggingar

Bibliotek og personalrom blir flytta ut av høgblokka og inn i nybygget. Eksisterande areal må då byggast om til undervisning.

7.2.9 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

Ved å bygge nybygget ferdig før ein riv sørfløya, vil ein kunne unngå større logistikkproblem og modulbehov. Ein må starte med å rive bygningane på slakteritomta, og opparbeide ein ny tilkomstveg til sørfløya på austsida, slik at denne kan fungere i byggetida. Sjølve nybygget kan då byggast utan store konsekvensar for skuledrifta. Etter nybygget er ferdig og innflytta, kan ein rive vestfløya og sørfløya og starte bygginga av idrettshallen, samt ferdigstille utomhusarbeida.

7.2.10 Visjon / Arkitektur og estetikk

Visjonen har vore å få til eit samla nytt samanhengande skulebygg med ein tydeleg hovudinngang, som er nær fellesrom som opnar seg mot sjøen og utsikta. Nybygget skal plasserast i ein funksjonell integrert samheng med eksisterande bygningsmasse, og byggesaka skal kunne gjennomførast på ein slik måte at skuledrifta i byggeprosessen blir minst mogeleg skadelidande.

Organiseringa av bygningsmassen skal underbygge tomta sin eigenart og vere romdannande for opphald mot sjøen.

Segregert trafikkbilde gåande/køyrande, med ryddige buss- og parkeringsløyseringar.

7.2.11 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av fylgjande faktorar :

1. Tomtekjøp slakteritomta (10 mål)
2. Rivekostnader bygningar på slakteritomta + riving av den gamle gymnastikksalen
3. Etablering av ny tilkomstveg til sørfløya
4. Nybygg skule (6900m²)
5. Riving sørfløya og vestfløya (5290m²)
6. Nybygg idrettshall, ombygging eksisterande skule (2200m² i alt. 4,5 og 7, 3500m² i alt. 3 og 6, 1195m² ombygging i alle alternativ
7. Parkering (3150m²)
8. Opparbeiding utomhus (18-20 mål)

Kostnadane er samla i ein oversiktstabell under kostnader i kapittel 5 skulestruktur, og det er gjort ei økonomisk vurdering under kapittel 6 vurderingar.

I alternativ 1 og 2 vil sal av tomt og bygningar på Voldsdalsberga gi ei inntektsside på utbyggingskostnadane på Sørsida .

7.2.12 Framdrift

Framdrifta vil sjølvstøtt avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kapittel 5 Skulestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging på Voldsdalsberga. der skuleutbygginga på Voldsdalsberga er plassert i tidsrommet 2015-2019.

7.3 Ålesund vgs på sørsida

7.3.1 Alternativ

Flytting av Ålesund vgs frå Voldsdalsberga til Sørsida, og etablering av ein heilt ny sentrumsskule inngår i alternativsvurdering 1 og 2. Skilnaden på alternativa, er at ein i alternativ 1 etablerer nybygg for eit komplett utdanningstilbod, medan ein beheld eksisterande undervisning på Latinskulen i alternativ 2, og dermed reduserer nybyggbehovet.

7.3.2 Dimensjonering

For å unngå tunge yrkesfag i ein ny sentrumsskule blir TP/NA i desse alternativa flytta frå Ålesund vgs til Fagerlia, for nær kontakt med det maritime miljøet på NMK.

Musikk, dans og drama, samt studiespesialisering med formgivingsfag blir flytta frå Fagerlia til den nye sentrumsskulen for å styrke kulturprofilen, og kunne ha samlokalisering med eit nytt kulturskulebygg for Ålesund kommune.

MDD, Formgivingsfag, samt MK under same tak kan gi spanande samarbeidsprosjekt.

I alternativ 1 er skulen dimensjonert for 945 elevar med nybygg på ca. 9.200m² for skuledel + 1500m² for kroppsøving. Kulturskulen er dimensjonert til 3.500m². I tillegg kjem eventuelt parkeringskjellarar.

7.3.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Ålesund kommune er i full gang med ein ny reguleringsplan for Sørsida. Signala frå byplanavdelinga er at ein tek høgde for ein ny sentrumsskule med inntil 15000m² i denne planen. Kvartal C på den nye byplanskissa har ei grunnflate på ca. 4,6 da. (Kvartal 3 i gjeldande plan frå 2009, 2,6da) Ålesund kommune arbeider også med parkeringsvedtektene ein skal legge til grunn for Sørsida. Truleg blir det lagt inn eit maksimalt tak på antall p-plassar som kan etablerast.

7.3.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.3.4.1 Tilkomst:

Før det blir etablert tunnell under Brosundet, vil Keiser Wilhelmgate bli envegskjørt mot sentrum. Tilkomsten frå sentrum vil då skje via Nedre Strandgate, og forlenginga av Langeberggata. Det må etablerast nye gater med fortaug i forlengelsen av Keiser Wilhelmgate og Langebergvegen. Ny bru over Brosundet må etablerast. Realisering av desse vegprosjekta er vedtekne, og må ferdigstillast før eller samtidig med skuleutbygginga.

7.3.4.2 Parkering:

Reguleringsvedtektene for parkering på Sørsida er ikkje klar pr.dato, men blir truleg profilert for å støtte opp under kollektivtransporten i sentrum. Ved same p-dimensjonering som for dei andre skulane vil behovet ligge på 145-150 plassar.

7.3.5 Nabotilhøve

Skuletomta vil grense mot ei forlenging av Keiser Wilhelmgate mot nord, Prestebrygga mot syd, den nye Kulturhavna mot aust, og ei forlenging av Langeberggata mot vest.

7.3.6 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Tomta er i dag bebyggt med store lagerbygg som må rivast.

7.3.7 Nybygg

Komplett ny skule på 10.600m², samlokalisert med 3.500m² kulturskole.

7.3.8 Ombyggingar

Ingen

7.3.9 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

Ingen modulbehov. Ingen logistikkutfordringar om ein bygg i eitt byggesteg. Blir bygget oppdelt i 2 byggetrinn må dette vurderast særskilt.

7.3.10 Visjon / Arkitektur og estetikk

Etablering av ein ny sentrumsskule bør gjerast til gjenstand for ein arkitektkonkurranse. Vi har derfor ikkje brukt tid på å vise visjonar utover ei grov areal/volumskisse.

7.3.11 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av følgjande faktorar :

1. Tomtekjøp sentrumstomt (4,6 da)
2. Rivekostnader bygningar på tomta
3. Andel av ny infrastruktur ?
4. Nybygg skule (10.600m²)
5. Andel av nytt parkeringshus ?
6. Opparbeiding utomhus

Kostnadane er samla i ein oversiktstabell under kostnader i kap.5 skolestruktur, og det er gjort ei økonomisk vurdering under kap. 6 vurderingar.

I desse alternativa vil sal av tomt (10,2 da.) og bygningar på Voldsdalsberga gi ei inntektsside.

7.3.12 Framdrift

Framdrifta vil sjølvstøtt avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kap. 5 Skolestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging på Sørsida. der skuleutbygginga for ein ny sentrumsskule er plassert i tidsrommet 2014-2017.

7.4 Fagerlia vgs på sørsida

7.4.1 Alternativ

Flytting av Fagerlia vgs til Sørsida, og etablering av ein heilt ny sentrumsskule basert på Fagerlia inngår i alternativsvurdering 6 og 7. For sentrumsskulen er begge alternativa likeverdige. Det er kun idrettsfaga som vekslar mellom Voldsdalsberga i alternativ 6 og Spjelkavik i alternativ 7.

7.4.2 Dimensjonering

Heile utdanningstilbodet unnateke toppidrett og AO ved Fagerlia blir flytta til Sørsida.

I alternativ 6 og 7 er skulen dimensjonert for 1085 elevar med nybygg på ca. 10.800m² for skuledel+ 2200m² for kroppsøving. Kulturskulen er dimensjonert til 3.500m². I tillegg kjem eventuelt parkeringskjellarar. Utdanningsprogramma fordeler seg slik :

- 650 elevar på studiespesialisering
- 60 elevar påbygging
- 165 elevar Musikk, dans , drama
- 210 elevar Helse og oppvekstfag

7.4.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Ålesund kommune er i full gang med ein ny reguleringsplan for Sørsida. Signala frå byplanavdelinga er at ein tek høgde for ein ny sentrumsskule med inntil 15000m² i denne planen. Kvartal C på den nye byplanskissa har ei grunnflate på ca. 4,6 da. (Kvartal 3 i gjeldande plan frå 2009, 2,6da) Ålesund kommune arbeider også med parkeringsvedtektene ein skal legge til grunn for Sørsida. Truleg blir det lagt inn eit maksimalt tak på antall p-plassar som kan etablerast.

7.4.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.4.4.1 Tilkomst:

Før det blir etablert tunnell under Brosundet, vil Keiser Wilhelmgate bli envegskøyrt mot sentrum. Tilkomsten frå sentrum vil då skje via Nedre Strandgate, og forlenginga av Langeberggata. Det må etablerast nye gater med fortaug i forlengelsen av Keiser Wilhelmgate og Langebergvegen. Ny bru over Brosundet må etablerast. Realisering av desse vegprosjekta er vedtekne, og må ferdigstillast før eller samtidig med skuleutbygginga.

7.4.4.2 Parkering:

Reguleringsvedtektene for parkering på Sørsida er ikkje klar pr.dato, men blir truleg profilert for å støtte opp under kollektivtransporten i sentrum. Ved same p-dimensjonering som for dei andre skulane vil behovet ligge på 145-150 plassar.

7.4.5 Nabotilhøve

Skuletomta vil grense mot ei forlenging av Keiser Wilhelmgate mot nord, Prestebrygga mot syd, den nye Kulturhavna mot aust, og ei forlenging av Langeberggata mot vest.

7.4.6 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Tomta er i dag bebyggt med store lagerbygg som må rivast.

7.4.7 Nybygg

Komplett ny skule på 13.000m², samlokalisert med 3.500m² kulturskole.

7.4.8 Ombyggingar

Ingen

7.4.9 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

Ingen modulbehov. Ingen logistikkutfordringar om ein bygg i eitt byggesteg. Blir bygget oppdelt i 2 byggetrinn må dette vurderast særskilt.

7.4.10 Visjon / Arkitektur og estetikk

Etablering av ein ny sentrumsskule bør gjerast til gjenstand for ein arkitektkonkurranse. Vi har derfor ikkje brukt tid på å vise visjonar utover ei grov areal/volumskisse.

7.4.11 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av følgjande faktorar :

1. Tomtekjøp sentrumstomt (4,6 da)
2. Rivekostnader bygningar på tomta
3. Andel av ny infrastruktur ?
4. Nybygg skule (13.000m²)
5. Andel av nytt parkeringshus ?
6. Opparbeiding utomhus

Kostnadane er samla i ein oversiktstabell under kostnader i kap.E skolestruktur, og det er gjort ei økonomisk vurdering under kap. F vurderingar.

I desse alternativa vil sal av tomt (25,7 da.) og bygningar på Fagerlia gi ei inntektsside.

7.4.12 Framdrift

Framdrifta vil sjølvstøtt avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kap. E Skolestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging på Sørsida. der skuleutbygginga for ein ny sentrumsskule er plassert i tidsrommet 2014-2017.

7.5 Fagerlia vgs

7.5.1 Alternativ

Alternativ 1 : Fagerlia får TP/NA frå Ålesund vgs, MDD og ST-FOR flyttar til nybygg på Sørsida.

Alternativ 2, Som alternativ 1 , men med tillegg for idrettsfag (Ny idrettshall).

Alternativ 3 og 4 er like. Elevtalsvekst innanfor eksisterande utdanningsprogram, med unnatak av toppidrett, som blir flytta enten til Voldsdalsberga eller Spjelkavik.

Alternativ 5 : Elevtalsvekst innanfor eksisterande utdanningsprogram, men med Idrettsfaga lagt til Fagerlia (Ny idrettshall)

Alternativ 6 og 7. Fagerlia vgs flytta til nybygg på Sørsida.

7.5.2 Dimensjonering

I alternativ 1 og 2 blir Fagerlia dimensjonert for 1145 elevar. I alternativ 3-7 er dimensjoneringa 1107 elevar.

Alternativ 1 og 2

- 470 elevar på Studiespesialisering (ST)
- 83 elevar på påbygging
- 180 elevar på idrettsfag eller 180 ekstra på studiespesialisering
- 210 elevar på helse og Oppveskt (HO)
- 30 elevar på naturbruk (Kun i alternativ 1 og 2)
- 150 elevar på Teknikk og industriell produksjon (TP) (Kun i alternativ 1 og 2)
- 22 elevar på Alternativ opplæring (AO)
- **SUM 1145 elevar**

Alternativ 3-7

- 650 elevar på studiespesialisering (ST)(Redusert med 180 ved idrettsfag i alt. 5)
- 60 elevar på påbygging
- 165 elevar Musikk, dans og drama (MDD)
- 210 elevar Helse og oppvekstfag (HO)
- 22 elevar Alternativ opplæring (AO)
- **Sum 1107 elevar**

7.5.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Gjeldande plan har plan ID 341 og er stadfesta i 1986. Ikkje angjeve utnyttingsgrad.

Byggehøgde inntil 4 etasjar. Skuletomta er regulert til offentleg formål. Tomteareal 25,7 mål.

Gnr. 139 bnr. 229.

7.5.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.5.4.1 Tilkomst

Ny hovedinngang blir etablert i gavlen av ny glassgård på plan 1 aust for B-blokka. Her vil ein finne heis og trapp og eit stort inneamfi opp til plan 3. Varelevering vil også skje i dette området via eksisterande vendesirkel. Det er også køyrbar tilkomst til plan 3 (1.etasje i A-blokka, samt på plan 4 i B-blokka mot nordvest. Busstilkomst har vi etablert som ei

gjennomkøyring frå dagens grusparkering frå Gangstøvikvegen fram mot ny hovedinngang. Tilkomst til TP sitt uteområde skjer også via felles avkøyring frå Gangstøvikvegen.

7.5.5 Parkering

Dei 2 ulike dimensjoneringane på 1107 og 1145 elevar krev 208-217 p-plasser om vi inkluderer 30 besøks plassar. I dag disponerer skulen 118 p-plassar. Vi har forsøkt å legge inn parkering i høve til alternativ 2, som er det største nybyggalternativet, med ny TP hall og ny idrettshall, og gjev minst uteareal igjen til parkering. Vi er usikre på kor mange plasser skulen disponerer rundt Fagerlihallen idag. På flyfoto har vi telt opp 9 plassar vest for C-blokka og 57 plassar nord for A-blokka og rundt Fagerlihallen. Syd for bebyggelsen må det då vere 154 plassar

7.5.6 Utomhus

Det vil bli behov for å etablere ny busstilkomst og parkering, samt terrengbearbeiding på mesteparten av skulen sitt sydlegaste tomteområde. Omfanget vil sjølv sagt variere noko for dei ulike alternativa.

I alternativ 3, 4 og 5 legg vi inn eit uteamfi nordaust for det nye kulturskulebygget (Ny D-blokk).

Parkeringsplassar og busstilkomst er plassert lengst mot syd og nord for å oppnå mest mogeleg fleksibilitet for ny bygningsmasse i midt på tomta.

7.5.7 Nabotilhøve

Skuletomta grensar mot Borgundvegen og Fogd Greves veg i sør, Gangstøvikvegen i aust

7.5.8 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Skulen består i dag av A-blokka, B-blokka, C-blokka, D-blokka og leigde lokaler i bryteklubben.

7.5.9 Nybygg

7.5.9.1 Glassgården / Nytt sentralrom

I alle alternativa bygg vi saman dei eksisterande bygningane A-, B- og C-blokka, med ein ny glassgård over 5 etasjar. I denne legg vi ny kantine og eit felles stort inneamfi, samt nye vertikalforbindelser og galleri som knyt den indre trafikken i skulen saman i eit nytt pulserande indre sentralrom, med storslagen utsikt mot sør. Denne løysinga krev at skulen blir fullsprinkla. Glassgården er 1726m² inkludert galleri og amfi.

7.5.9.2 Påbygg C-Blokka

I alle alternativa bygg vi også på C-blokka med 1-2 ekstra etasjar. I alternativ 1 og 2 legg vi inn nytt dekke i dei høge dansesalane, og nyttar 1.etasje til bibliotek, 2.etasje til ny realfagsavdeling og ny 3.etasje til studiespesialisering eller idrettsfag.

I alternativ 3,4 og 5 bygg vi på 2 nye etasjar, sidan dansesalane då skal nyttast som før. Vi legg då inn ein ekstra etasje for MDD og ein for ny realfagsavdeling. Kvar etasje er på knappe 740m² brutto.

7.5.9.3 Nybygg for TP/NA

I alternativ 1 og 2 bygg vi nybygg for TP/NA elevane som blir flytta frå Voldsdalsberga til Fagerlia. Verkstadlokalar for maritime fag blir etablert felles på NMK. Ca. 3400m² brutto.

7.5.9.4 Nytt kulturskulebygg

I alternativ 3,4 og 5 bygg vi nytt kulturskulebygg på 3.500m²

7.5.9.5 Ny idrettshall

I alternativ 2 og 5 bygg vi ny idrettshall. 2200m2 brutto

7.5.10 Ombyggingar

Alternativ 1 og 2 :

Her bygg vi om heile B og C-blokka, samt bibliotek, realfagsavdeling og administrasjon/personalavdelinga i A-blokka. I praksis blir heile bygningsmassa ved Fagerlia ombygt i desse alternativa.

7.5.11 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

Samanbygning, og ombyggingar er å store at Fagerlia bør flytte ut i byggetida. For eksempel til Latinskulen.

7.5.12 Visjon / Arkitektur og estetikk

Visjonen har vore å lage eit samlande sentralrom som knyt dei 3 eksisterande, samt dei nye bygga saman til eit fellesfungernde skulebygg, med ein klar hovedinngang og ein klar sentralt plassert administrasjon.

Målet har vore at dette sentralrommet ikkje skal byggast igjen , men ha kontakt ut til den storslåtte utsikta over Sunnmørsfjella.

7.5.13 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av følgjande faktorar :

7.5.13.1 Alternativ 1:

1. Utflytting, leige av midlertidige lokaler
2. Nybygg glassgård : 1726m²
3. Ombygging eksisterande bygningsmasse : 11.200m²
4. Påbygg dekke og ein etasje på C-blokka : 1470m²
5. Nybygg TP/NA hall : 3400m²
6. Riving/flytting event. salg musikkøvemoduler
7. Kostnad busslomme/parkering / uteområde TP: 6500m²
8. Opparbeiding utomhus 3600m²
9. Gangveg/fortau : 1500m²

7.5.13.2 Alternativ 2 :

Som alternativ 1 + kostnadane for ein idrettshall 2200m²

Opparbeiding utomhus redusert til 2000m² pga idrettshall.

7.5.13.3 Alternativ 3 og 4 :

1. Utflytting, leige av midlertidige lokaler
2. Nybygg glassgård : 1726m²
3. Ombygging eksisterande bygningsmasse unnateke C-blokka : 10.200m²
4. Påbygg 2 etasjar på C-blokka : 1470m²
5. Nybygg kulturskulebygg : 3500m²
6. Riving/flytting event. salg musikkøvemoduler
7. Opparbeiding utomhus 4600m²
8. Gangveg/fortau : 1500m²

7.5.13.4 Alternativ 5 :

Som alternativ 3 og 4 + ein idrettshall

Opparbeiding utomhus redusert til 3000m² pga idrettshall.

7.5.14 Framdrift

Framdrifta vil sjølvst avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kap. 5 Skolestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging på Fagerlia. Skuleutbygginga på Fagerlia er plassert i tidsrommet 2014-17 for ny TP/NA hall i alternativ 1 og 2, med ombygging i 2018-19 for alt. 1 og 2020-21 for alt.2. I alternativ 3,4 og 5 er nybygginga plassert i tidsrommet 2015-18, med ombygging i 2019-20 .

7.6 Spjelkavik vgs

7.6.1 Alternativ

Alternativ 2,3,5 og 6 er like (utan idrettsfag)

Alternativ 1,4 og 7 er like (med idrettsfag).

7.6.2 Dimensjonering

I alle alternativa er skulen dimensjonert for 830 elevar i 2040.

- 830 elever i studiespesialisering i alt.2,3,5 og 6
- 680 elever i studiespesialisering i alt. 1,4 og 7
- 150 elever idrettsfag i alternativ 1,4 og 7.

7.6.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Gjeldande reguleringsplan har plan ID 231 og er frå 1975. Tomta er oppgitt til 32,2 mål og u=0,15-0,3. Byggehøgda begrensa til 4.etasjar. (4830m²-9660m²). Tomta regulert til offentlig formål. Det er i vedtektene stilt krav om opparbeiding av ballplass på tomte. Gnr. 23 bnr. 9

7.6.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.6.4.1 Tilkomst

Tilkomsten skjer frå Langhaugen, og er relativ trang.

7.6.4.2 Parkering

Skulen treng ca 120 p-plassar

7.6.4.3 Utomhus

nn

7.6.5 Nabotilhøve

Skulen ligg inne i eit etablert boligområde.

7.6.6 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Vaktmestertilbygde ventilasjonsrom blir revet og erstatta med nye aggregat.

Vest og østfasaden blir reve ved tilbygg på kvar gavl.

7.6.7 Nybygg

Vi har vist nybygg i to byggesteg for full utbygging i 2040. Byggesteg 1 i en etasje mot aust på 568m² som omfattar nye rom for elevtenester og utvida administrasjon/personalromsdel.

Byggesteg 2 er foreslått i 2 etasjar mot vest. Grunnflata variere med 385m² avhengig om ein legg inn idrettsfaga eller ikkje. For å ta den første elevtalsauka på 150 elevar i 2025, treng ein å bygge på kun ein etasje i BT2. Det beste vil då vere å bygge ut plan 1, og la sokkelen vere åpent overdekkta uteareal.

7.6.8 Ombyggingar

Verkstadrom og elevtenester, elevsamtalerom blir flytta ut av tilfluktsrommet til nye moderne lokalitetar. Noko ombygging rundt kantine, bibliotek og realfag.

7.6.9 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

I byggetrinn 1 vil byggeplassen kome i konflikt med eksisterande hovedinngang, og ein vil misse dagslyset i eksisterande personalrom og 2 lærararbeidsrom. Ved å nytte inngang på sokkelplanet event. etablere midlertige rømmingsvegar vil ein kunne bruke skulen i byggetida.

Ein bør vurdere om persoanrommet mellombels skal foregå i eit provisorium, eller om ein deler av kantina lar denne flyte meir ut i vringlearealet som på Borgund vgs.

Når ein skal til å bygge om mot vest vil også dette kunne gjennomførast med skulen i drift.

7.6.10 Visjon / Arkitektur og estetikk

Tilbygga er lagt opp med respekt for eksisterande arkitektur. Overlysa er gjort lysare.

7.6.11 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av følgjande faktorar :

1. Tilbygg på 568m² i BT1
2. Tilbygg på 1800m² eller 2600 m² avhengig av alternativ.
3. Ombygging av ca. 1000m²
4. Opparbeiding 3000 m² nye p-plasser.

Kostnadane er samla i ein oversiktstabell under kostnader i kap.5 skolestruktur, og det er gjort ei økonomisk vurdering under kap. 6 vurderingar.

7.6.12 Framdrift

Framdrifta vil sjølvst avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kap. 5 Skolestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging ved Spjelkavik vgs. Skuleutbygginga ved skulen er plassert i tidsrommet 2014-17 i alternativ 1, 4 og 7 som har idrettsfag, og etter 2025 ved alternativ 2,3,5 og 6 .

7.7 Borgund vgs

7.7.1 Alternativ

Utviklingsplanen for Borgund er lik i alle 7 alternativene for ny Ålesundsstruktur. Elevtalsauken er sett til 240 elever.

7.7.2 Dimensjonering

Utviklingsplanen tek for seg nytt areal for ca. 420 elever, fordelt på følgende utdanningsprogram :

- 90 elever Vg3 Påbygging
- 60 elever BA Vg1
- 15 elever DH Vg1
- 210 elever elektrofag
- 30 elever TP Vg1 Teknikk og industriell produksjon.
- 15 elever AO spesialtilpassa opplæring

7.7.3 Reguleringsplan / Framtidige utvidingar

Gjeldande reguleringsplan har plan ID tilsett BYA på 50% som tilsvarer 22.028m². Eksisterande bygningsmasse inkludert brakker og modulbygget utgjer i dag 24.608m². Om ein riv modulbygget og begge brakkene har ein igjen 21.955m². Realisering av eit nytt tilbygg krev derfor reguleringsendring eller dispensasjonssøknad frå reguleringsplanen. Nytt areal i utviklingsplanen utgjer 4.154m² inkludert 300m² med nye messaninar i BA hallen, samt kaldlager på 310m². Ein vil då ha ei bygningsmasse på 26.419m² ved skulen. 2181m² av desse er Borgundhallen. Om modulbygget framleis skal bli ståande vil ein då ha 27.873m² på skulen, som skal driftast.

7.7.4 Tilkomst/parkering/utomhus

7.7.4.1 Tilkomst:

Tilkomsten vil vere som i dag. Ny hovedinngang mellom eksisterande RM bygg og nytt bygg vil gje eit meir avklara og lettare synleg inngangsparti. Varemottak som i dag, men med muligheit for direkte transport til nybygget

7.7.4.2 Parkering :

Av elevtalsauken på 240 elever vil kun 34 skje på Vg3 nivå. Dette gjev eit parkeringsbehov på 7 plassar. 58 nye tilsette krev 35 nye p-plassar. Totalbehov er 42 plasser. I reguleringsplanen var parkeringa dimensjonert til 159 privatbilar og 3 lastebilplassar for 940 elever og 163 tilsette. I dag har skulen 185 p-plassar. Ein bør etablere ca.20 nye p—plassar i neste byggetrinn. Dette kan skje ved å utvide eksisterande etter at brakkene er revet, eller ved grøntområdet sør for gymsalen om modulbygget skal stå. Alternativt aust for nybygget, men då må ein krysse fotgjengersida til Borgundhallen.

7.7.4.3 Utomhus :

Det er i tidlegare utviklingsplanar vist ferdige utomhusområder etter at dei midlertidige modulbygga, brakkene er fjerna. Vi har i kostnadane teke med opparbeiding av dette arealet, (5,7 da), samt ca 0,5 da mellom eksisterande gymnastikkbygg og nybygget.

7.7.5 Nabotilhøve

Skulen har boligområder som nabo mot sør, nord og vest, og blanda industri/ bolig mot aust. Viste nybygg vil ligge langt inne på skuleområdet, og påfører etter vår vurdering ikkje naboskapet særlege ulemper.

7.7.6 Eksisterande bygningsmasse/Riving

Eksisterande permanent bygningsmasse blir lite berørt av utbygginga med unnatak av ny hovedinngang og samankopling i austveggen på nordre basargate. Ein bør vurdere kor tett på Borgundhallen ein bygg trafikkarealet.

7.7.7 Nybygg

Utviklingsplanen forslår eit nybygg for EL, påbygging og AO over 3 plan med samla BTA = 3854m².

I tillegg legg ein inn 300m² nye mezzaniner i BA hallen.

Nybygget blir linka inn i ei forlenging av nordre basargate, og terrengfallet ned til sokkelen gjev plass til eit sentralt inneamfi som del av basargata. Sjølv bygget vil bli liggande aust for eksisterande hovedinngang, og vil forsterke og markere denne mykje betre.

7.7.8 Ombyggingar

I tillegg til dei 300m² med nye mezzanindekker, der ein må bygge om tilsluttande deler, vil det vere behov for ombygging i garderobedelen for innpassing av fleire elevgarderober. Også areala ein flyttar ut av i eksisterande bygg

7.7.9 Konsekvensar i byggetida/ modulbehov/logistikk

ATO brakka på 412m² må flyttast eller rivast medan ein bygg ut nybygget. Dei som held til der må få alternative midlertidige lokaler. Teknisk infrastruktur kan enten lagast separat eller koplast på eksisterande.

Det må lagast ei ROS analyse for å avdekke kvar anleggstrafikken bør gå. Truleg er det best å få denne på nedsida av Borgundhallen.

7.7.10 Visjon / Arkitektur og estetikk

Arkitektonisk bør ein bygge vidare på eksisterande løysingar og estetisk uttrykk, slik at ein får eit samla anlegg.

7.7.11 Kostnad

Kostnadsbildet vil bestå av følgjande faktorar :

1. Riving/flytting av ATO brakkene
2. Kostander med midlertidige lokaler for dei som er der i dag.
3. Nybygg 3854m²
4. Nye mezzaniner/ ombygging i BA hallen 300m²
5. Ombygging av teorirom i sokkel til elevgarderober
6. Riving Nørvebrakka
7. Riving modulbygget
8. Opparbeiding 6260m² utomhus (985m² av dette asfalt)

Kostnadane er samla i ein oversiktstabell under kostnader i kap.5 skolestruktur, og det er gjort ei økonomisk vurdering under kap. 6 vurderingar.

7.7.12 Framdrift

Framdrifta vil sjølvstøtt avhenge av politiske vedtak. Vi viser til kap. 5 Skolestruktur når det gjeld framdrift for ei utbygging på Borgund vgs. Ålesund kommune ynskjer ikkje at tidlegare

godkjenning for midlertidige bygg skal få eit permanent preg. Dei eldste midlertidige bygga er no 7 år gamle. (2005).

8 VEDLEGG

1. Høyring 1
2. Fråsegn høyring 1
3. Fråsegn høyring 2
4. Politisk sak - Kommunestyresak Ålesund kommune
5. Sørsida -
6. Skisse ny Spjelkavikhall (Spjelkavik IL)
7. Teikningar Volsdalsberga
8. Teikningar Sørsida
9. Teikningar Fagerlia
10. Teikningar Spjelkavik
11. Teikningar Borgund